



Ettersøkshunden Tanya og den påkøyrd rådyrbukken. (Foto: Jan Berntsen)

Ansvarsløysa blant bilførarane i distriktet vårt grip om seg. No er to rådyr påkøyrd i Uskedalen på få dagar utan at det er meldt frå til politiet eller Kvinnherad Ettersøkslag (telefon 48007327).

Natt til laurdag før påske vart ein råbuk påkøyrd ved Rød og tysdag morgon denne veka vart ei geit påkøyrd ved Ljosnes. I begge tilfelle kørde bilane vidare sjølv om ein er pålagt å melde frå i slike høve.

I det første tilfellet var det ein tilfeldig forbiusserande som fann ein bukk liggjande tett ved veggen på Rød. Den var ikkje i live.

Men i dyretragedien tysdag morgon var dyret framleis i live då det vart observert. Det slepte bakbeina etter seg.

Då folk og hund frå ettersøkslaget kom kort tid etterpå, fann dei dyret hundre meter frå veggen. Det vart avliva og det viste seg at begge bakbeina var knekte, melder Kvinnheringen.

Dyr som dette blir utsatt for store lidningar og det er svært viktig at dei som kører på hjortevilt melder frå snarast mogeleg. Dette er lovpålagt, påpeikar Atle Helland i ettersøkslaget.

Då geita vart opna, vart det funne tre foster i magen på henne.

Av Ola Matti Mathisen